**Høgskolen i Sørøst-Norge**

# EKSAMEN

## 6006 - Forretningsjus (7,5 stp.)

## 13.05.2016

| | |
|---|---|
| Tid: | *4 timer* |
| Målform: | *Bokmål/nynorsk* |
| Sidetal: | 7 *(inkludert denne forsiden)* |
| Hjelpemiddel: | *Norges lover, andre ukommenterte lovsamlingar, utskrifter av lover og forskrifter frå Lovdata.* |
| Merknader: | Dersom oppgavene er ufullstendige eller uklare må du selv ta de nødvendige forbehold. Forbeholdene bør gå klart frem av besvarelsen. Samtlige spørsmål skal besvares. |
| Vedlegg: | Ingen |

**Eksamensresultatene blir offentliggjort på Studentweb.**

Bokmål

# OPPGAVE I

Fiona Fole var nettopp blitt ferdig med videregående skole. Hun skulle nå begynne å studere ved Høgskolen i Nordvest-Norge. Hun eide en hest som hun til sin store sorg ikke kunne ta med seg. Hun la derfor ut en salgsannonse på Tinn.no. Annonsen lød slik:

> «Fantastisk hoppe selges
>
> Leter du etter en venn for livet? Nå trenger du ikke lete lenger. Det er med et tungt hjerte jeg selger min beste venn. Nora er en fantastisk flott frieserhoppe. Hun er 16 år gammel og er 163 cm høy. Hun går fint sammen med andre. Middels/høy i rang. Snill og rolig i boks/luftegård.
>
> Vinteren 2014 fikk Nora konstatert 1. grad halthet på venstre forbein, og haltfrihet på de øvrige beina. Men hun har relativt nye røntgenbilder og bøyeprøver uten utslag.
>
> Det er vetrinærforsikring på alt bortsett fra bena.
>
> Hesten selges i forevist stand for kr 55 000 inklusive sal og dekken.»

Allerede samme dag som annonsen var lagt ut, fikk Fiona en tekstmelding fra Cato Sal Pedersen, som for øvrig var innehaver av stutteriet Stall Cato. Tekstmeldingen hadde følgende ordlyd:

Jeg aksepterer tilbud om salg av hoppen Nora. Jeg trenger ikke sal og dekken, så jeg kjøper derfor hesten for kr 50 000,-. Jeg kommer og henter den i morgen.

Fiona svarte at hun måtte ha kr 55 0000,- for hesten. Cato sto imidlertid på sitt, idet han mente at det nå var inngått en bindende avtale. Fiona bestred dette. Det var imidlertid enighet om at sal og dekken hadde en markedsverdi på kr 5 000,-.

**Spørsmål 1** Drøft og avgjør om det er inngått en bindende avtale mellom Fiona og Cato om kjøp av hesten.

Etter litt diskusjon gikk Cato til slutt med på å kjøpe hesten for kr 52 500,- inklusive sal og dekken. Tvisten løste seg ved dette.

Noen dager etter at Cato hadde hentet Nora, kom det for en dag at hun var drektig. Hun var ca. fire uker på vei. Det var Fionas faste veterinær som fortalte Fiona dette. Da Fiona fikk greie på dette, tok hun straks kontakt med Cato og krevde at hun skulle ha føllet. Hun viste til at det ikke sto i kjøpekontrakten at eventuelt føll fulgte med. Det eneste som fulgte med hesten var sal og dekken. Cato avviste kravet, men Fiona sto på sitt.

**Spørsmål 2**: Hvem har rett til føllet? Begrunn svaret.

Etter å ha hatt Nora om lag en uke, merket Cato at hesten ikke gikk rent. Han tok straks kontakt med veterinær Sigurd Sprøyte, som etter undersøkelse og røntgenbilder konkluderte

med at det var uttalte degenerative forandringer i kodeleddet på venstre forben. Han mente også at det var sannsynlighet for at det også var degenerative forandringer i andre ledd.

Samme dag som veterinæren hadde undersøkt Nora, sendte Cato en e-post til Fiona, hvor han krevde å heve kjøpet. Nora avviste imidlertid kravet.

**Spørsmål 3:** Drøft og avgjør om Cato har rett til å heve kjøpet?

## OPPGAVE II

Gunnar Gren er daglig leder i Dataservice AS. Bedriften har 50 ansatte. Heidi, som er kundekonsulent med ansvar blant annet for å betjene sentralbordet, har nettopp sluttet. Gunnar Gren ansatte da en ny medarbeider i hennes sted. Da styreleder Lars Holm fikk vite om ansettelsen, ble han rasende. Han mente at Gunnar ikke kunne gjøre dette uten samtykke fra styret.

**Spørsmål 4:** Hadde Gunnar Gren myndighet til å ansette ny kundekonsulent? Begrunn svaret.

Lars Holm syntes at Gunnar gjorde en slett jobb som daglig leder. Feilansettelsen av den nye kundekonsulenten var dråpen som fikk begeret til å flyte over. Kort tid etter at Lars fikk vite om denne ansettelsen, sa han opp Gunnar med øyeblikkelig virkning.

Da styret fikk greie på oppsigelsen, oppsto det en diskusjon om oppsigelsens gyldighet. Styret mente at Lars ikke hadde myndighet til å si opp Gunnar. Lars var ikke enig i dette; han viste til at han var styreleder. Partene var forøvrig enige om at arbeidsmiljøloven ikke løste spørsmålet.

**Spørsmål 5:** Hadde Lars Holm myndighet til å si opp Gunnar Gren? Begrunn svaret.

## OPPGAVE III

**Spørsmål 6:** Forklart kort hvilket ansvar selskapets eiere/deltakere har for selskapets gjeld i følgende selskap:

a) Ordinært ansvarlig selskap (ANS)
b) Ansvarlig selskap med delt ansvar (DA)
c) Aksjeselskap

## OPPGAVE IV

I 2005 kjøpte Kari en enebolig i Storby. Hun lånte fire millioner kroner i A-Bank for dette formålet. Banken fikk sikkerhet i boligen hennes for et pantekrav på tre millioner kroner. Dessuten stilte Karis far kausjon for en million kroner. I løpet av de årene som gikk, ble lånet kraftig nedbetalt, og det utgjør nå bare to millioner kroner.

**Spørsmål 7:** Forklar hvilken betydning nedbetalingen på lånet har for kausjonsforpliktelsen?

## OPPGAVE V

Trelast AS (heretter bare omtalt som Trelast) skyldte Entreprenør AS (heretter Entreprenør) kr. 300 000. Entreprenør skaffet seg tvangsgrunnlag for kravet og begjærte utlegg for å sikre det. Utlegg ble tatt i en fast eiendom som Trelast eide. Eiendommen var taksert til kr. 1 000 000,-. Utlegget ble tinglyst 15. januar, og det fikk prioritet etter foranstående heftelser på samlet kr. 700.000,-.

Trelast betalte heller ikke kravet etter at utlegg var tatt. Den 10. april leverte Entreprenør konkursbegjæring til tingretten. Begjæringen ble behandlet av tingretten den 12. april, men på grunn av en formell feil ved begjæringen ble den ikke tatt til følge. Den 16. april sendte Trelast derfor ny konkursbegjøring. Den kom inn til tingretten den 17. april, og den 18. april besluttet tingretten å åpne konkurs i selskapet.

**Spørsmål 8:** Når (dato) er fristdagen i dette tilfellet? Begrunn svaret.

Advokat Hans Hylle ble oppnevnt som bostyrer. Han mente at utlegget til Entreprenør ikke hadde noen rettsvirkning overfor konkursboet, slik at det kunne omstøtes. Dette var Entreprenør helt uenig i.

**Spørsmål 9:** Drøft og avgjør om utlegget til Entreprenør AS har rettsvirkning overfor konkursboet.

Bostyrer merket seg også at seks måneder før konkursbegjæringen hadde Trelast betalt et krav på kr. 50.000 til Trine Lind to uker før forfallstid. Trine var bedriftskonsulent og hadde utført en regnskapsanalyse for Trelast, og hun var godt kjent med selskapets svake økonomi. Hun var også en god bekjent av selskapets hovedaksjonær. På tidspunktet for betalingene av kravet til Trine hadde Trelast en rekke andre forfalte krav liggende. De fleste av disse kravene var også ubetalte på konkursåpningstidspunktet. Bostyrer mente at betalingen til Trine kunne omstøtes, noe Trine bestred.

**Spørsmål 10:** Drøft og avgjør om betalingen til Trine kan omstøtes.

OPPGAVE VI

**Spørsmål 11**: Forklart kort hva en rettskilde (rettskildefaktor) er, og gi herunder noen eksempler på rettskilder (rettskildefaktorer).

Nynorsk

# OPPGÅVE I

Fiona Fole var nettopp ferdig med vidaregåande skole. Ho skulle nå begynne å studere ved Høgskolen i Nordvest-Norge. Ho eigde ein hest som ho til sin store sorg ikkje kunne ta med seg. Ho la derfor ut ein salsannonse på Tinn.no. Annonsen lydde slik:

> «Fantastisk hoppe seljast
>
> Leitar du etter ein venn for livet? Nå treng du ikkje leite lenger. Det er med eit tungt hjarte eg sel min beste venn. Nora er ei fantastisk flott frieserhoppe. Ho er 16 år

> gammal og er 163 cm høy. Ho går fint samein med andre. Middels/høg i rang. Snill og roleg i boks/luftegard.
>
> Vinteren 2014 fikk Nora konstatert at ho var halt av 1. grad på venstre frambein, ho var ikkje halt på dei andre beina. Ho hadde relativt nye røntgenbilde og bøyeprøver utan utslag.
>
> Det er veterinærforsikring på alt bortsett frå beina.
>
> Hesten seljast i vist stand for kr 55 000 inklusive sal og dekken.»

Allereie same dag som annonsen var lagt ut, fikk Fiona ei tekstmelding frå Cato Sal Pedersen, som elles var innehavar av stutteriet Stall Cato. Tekstmeldinga hadde følgjande ordlyd:

Eg aksepterer tilbod om sal av hoppa Nora. Eg treng ikkje sal og dekken, så eg kjøper derfor hesten for kr 50 000,-. Eg kjem og hentar ho i morgon.

Fiona svara at ho måtte ha kr 55 0000,- for hesten. Men Cato sto på sitt, han meinte at det nå var inngått ei bindande avtale. Fiona nekta for dette. Det var semje om at sal og dekken hadde ein marknadspris på kr 5 000,-.

**Spørsmål 1** Drøft og avgjer om det er inngått ei bindande avtale mellom Fiona og Cato om kjøp av hesten.

Etter litt diskusjon gikk Cato til slutt med på å kjøpe hesten for kr 52 500,- inklusive sal og dekken. Tvistein løyste seg ved dette.

Nokre dagar etter at Cato hadde henta Nora, kom det for ein dag at ho var drektig. Ho var ca. fire veker på veg. Det var Fiona sin faste veterinær som fortalte Fiona dette. Da Fiona fikk greie på dette, tok ho straks kontakt med Cato og kravde at ho  skulle ha folen. Ho viste til at det ikkje sto i kjøpekontrakten at ein eventuelt fole følgde med. Det einaste som følgde med hesten var sal og dekken. Cato avviste kravet, men Fiona sto på sitt.

**Spørsmål 2**: Kven har rett til folen? Grunngje svaret.

Etter å ha hatt Nora om lag ei veke, merka Cato at hesten ikkje gikk reint. Han tok straks kontakt med veterinær Sigurd Sprøyte, som etter undersøking og røntgenbilde konkluderte med at det var uttalte degenerative forandringar i kodeleddet på venstre frambein. Han meinte og at det var sannsynleg at det og var degenerative forandringar i andre ledd.

Same dag som veterinæren hadde undersøkt Nora, sendte Cato ein e-post til Fiona, kor han kravde å heve kjøpet. Nora avviste kravet.

**Spørsmål 3:** Drøft og avgjer om Cato har rett til å heve kjøpet?

## OPPGÅVE II

Gunnar Grein er daglig leiar i Dataservice AS. Bedrifta har 50 tilsette. Heidi, som er kundekonsulent med ansvar blant anna for å styre sentralbordet, har nettopp slutta. Gunnar

Grein tilsette da ein ny medarbeidar i hennar stad. Da styreleiar Lars Holm fikk vite om tilsettinga, blei han rasande. Han meinte at Gunnar ikkje kunne gjere dette utan samtykke frå styret.

**Spørsmål 4:** Hadde Gunnar Grein mynde til å tilsette ny kundekonsulent? Grunngje svaret.

Lars Holm syntes at Gunnar, gjorde ein slett jobb som daglig leiar. Feiltilsettinga av den nye kundekonsulenten, var dråpa som fikk begeret til å flyte over. Kort tid etter at Lars fikk vite om tilsettinga, sa han opp Gunnar med øyeblikkeleg verknad.

Da styret fikk greie på oppseiinga, oppsto det ein diskusjon om oppseiinga var gyldig. Styret meinte at Lars ikkje hadde mynde til å seie opp Gunnar. Lars var ikkje einig i dette; han viste til at han var styreleiar. Partane var elles einige om at arbeidsmiljøloven ikkje løyste spørsmålet.

**Spørsmål 5:** Hadde Lars Holm mynde til å seie opp Gunnar Gren? Grunngje svaret.

OPPGÅVE III

**Spørsmål 6:** Forklar kort kva for ansvar selskapet sine eigarar/deltakarar har for selskapet si gjeld i følgjande selskap:

a) Ordinært ansvarleg selskap (ANS)
b) Ansvarleg selskap med delt ansvar (DA)
c) Aksjeselskap

OPPGÅVE IV

I 2005 kjøpte Kari ein eigenbustad i Storby. Ho lånte fire millionar kroner i A-Bank til dette formålet. Banken fekk sikkerheit i bustaden hennar for eit pantekrav på tre millionar kroner. Dessutan stilte far til Kari sin kausjon for ein million kroner. I løpet av åra som gjekk, blei lånet kraftig nedbetalt, og det utgjer nå berre to millionar kroner.

**Spørsmål 7:** Forklar kva nedbetalinga på lånet har å seie for kausjonsplikta?

OPPGÅVE V

Trelast AS (her berre omtalt som Trelast) skyldte Entreprenør AS (her Entreprenør) kr. 300 000. Entreprenør skaffa seg tvangsgrunnlag for kravet og kravde utlegg for å sikre det. Utlegg blei tatt i ein fast eigedom som Trelast eigde. Eigedommen var taksert til kr. 1 000 000,-. Utlegget blei tinglyst 15. januar, og det fikk prioritet etter framståande hefte på samla kr. 700.000,-.

Trelast betalte heller ikkje kravet etter at utlegg var tatt. Den 10. april leverte Entreprenør konkursbegjæring til tingretten. Begjæringa ble behandla av tingretten den 12. april, men på grunn av ein formell feil ved begjæringa blei den ikkje tatt til følge. Den 16. april sendte Trelast derfor ny konkursbegjæring. Den kom inn til tingretten den 17. april, og den 18. april bestemte tingretten å opne konkurs i selskapet.

**Spørsmål 8:** Når (dato) er fristdagen i dette tilfellet? Grunngje svaret.

Advokat Hans Hylle blei oppnemnt som bustyrar. Han meinte at utlegget til Entreprenør ikkje hadde nokon rettsverknad overfor konkursbuet, slik at det kunne omstøytast. Dette var Entreprenør heilt ueinig i.

**Spørsmål 9:** Drøft og avgjer om utlegget til Entreprenør AS har rettsverknad overfor konkursboet.

Bustyrar merka seg og at seks månader før konkursbegjæringa hadde Trelast betalt eit krav på kr. 50.000 til Trine Lind to veker før forfallstid. Trine var bedriftskonsulent og hadde utført ei rekneskapsanalyse for Trelast, og ho var godt kjent med den svake økonomien i selskapet. Ho var og ein god venn av selskapet sin hovudaksjonær. På tidspunktet for betalinga av kravet til Trine hadde Trelast ei rekke andre forfalte krav liggande. Dei fleste av desse krava var og ubetalte på konkursåpningstidspunktet. Bustyrar meinte at betalinga til Trine kunne omstøytast, noe Trine nekta for.

**Spørsmål 10:** Drøft og avgjer om betalinga til Trine kan omstøytast.

OPPGÅVE VI

**Spørsmål 11**: Forklar kort kva ein rettskjelde (rettskjeldefaktor) er, og gje i samband med dette nokre eksempel på rettskjelder (rettskjeldefaktorar).